



Felles Landbrukskontor ÅLA

Administrativt vedtak

Saksansvarleg: Knut Fredrik Øi

Arkivsaknr.: Arkiv
20/166-10 K2-K40

Sakshandsamar
Knut Fredrik Øi,

Dato
14.06.2020

Tildeling av fellingsløyve for hjort, elg og rådyr - Årdal 2020

Kort samandrag:

Årdal bestandsplanområde har fått godkjent bestandsplan for hjort, elg og rådyr i perioden 2019-2021. Bestandsplanen beskriv tildeling og planlagt felling av artene i perioden og ligg til grunn for tildeling av fellingsløyve i 2020. Hjortebestanden i Årdal er truleg noko redusert i høve 2016, men det er trong for høgt jakttrykk i 2020 og 2021 for å nå målet om halve storleiken av 2016. I 2019 var det rådyrjakt for første gong i Årdal. Det vart felt totalt 6 rådyr.

Vedtak:

I medhald av *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* tildeler Årdal kommune følgjande fellingsløyve på hjort, elg og rådyr:

- Hjort: 268 fellingsløyve årleg, totalt 804 fellingsløyve i planperioden 2019-2021
- Elg: 14 fellingsløyve i 2020
- Rådyr: 13 fellingsløyve i 2020

Årdal kommune nyttar § 7 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* og avvik det forskriftsfesta minstearealet for tildeling av fellingsløyve på hjort som ein tilpasning til den godkjende bestandsplanen. Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* §16 tillet Årdal kommune at alle valda som er medlem i Årdal bestandsplanområde for hjort, kan nytta alle tildelte fellingsløyve i planperioden uavhengig av år.

Saka er vurdert etter *Naturmangfoldlova*.

Vedlegg:

Løyvetildeling Årdal 2020 hjort

Løyvetildeling Årdal 2020 elg

Løyvetildeling Årdal 2020 - rådyr

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt

Naturmangfoldlova

Saksutgreiing og vurdering

Relevant saksutgreiing og vurdering er i hovudsak gjort i saka om godkjenning av

bestandsplan for elg, hjort og rådyr i Årdal kommune i perioden 2019-2021 (sak 051/19). Her er også *Naturmangfoldlovas* §§ 8-12 vurdert.

Påvisninga av skrantesjuke på villrein i Nordfjella sone 1 legg framleis premissane for hjorteviltforvaltninga i området. Årdal kommune er bedt om å halvvera bestandane av hjort og elg for å forebyggja spreiling av sjukdommen. Det er vanskeleg å talfesta endring i hjort- og elgbestandar. For elg i Årdal kommune har me lite dokumentasjon på endring i bestandsstorleiken, sjølv om historiske fellingstal og oppfatninga av bestandsstorleiken hjå jegerar og grunneigarar er at bestanden no er monaleg lågare enn på starten av 2000-talet. For hjort er det først og fremst sett-hjort-materialet me har å støtta oss til. Om me samanlikner snittverdiane for sett-hjort per jegertime i 2015-17 med 2019-18, får me ein reduksjon på ca 32%. Me veit likevel ikkje om ei endring i denne indeksen er proporsjonal med endring i faktisk bestandstettleik. Likevel er det grunn til å tru at bestanden er redusert. Men bestanden er neppe halvvert i høve 2016-nivået. Vinteren 2018/19 og 2019/20 har vore milde. Det er funne lite sjøldauda hjort. Det er difor grunn til å tru at jakttykket bør haldast oppe, og gjerne aukast i 2020, for å redusera bestanden ytterlegare. Auka fokus på felling av kalv og ungdyr gjer også at ein lyt fella fleire dyr for å unngå vekst.

Bestandsplanen for hjortevilt i Årdal har som mål å at det skal fellast minimum 150 hjort årleg i kommunen. Det er godkjend ei tildeling på 268 fellingsløyve årleg. Rådmannen meiner at det er fornuftig å leggja opp til ei noko høgare felling enn 150 dyr hausten 2020. Gjerne opp imot 200 felte hjort. Om ein klarer å fella om lag 50 kalvar og ungdyr ekstra, i forhold til 2019, vil det truleg bidra til ein endå betre samansettjing i bestanden framover i tillegg til å redusera bestanden noko meir.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 16 opnar for at fellingsløyve kan flyttast mellom åra i planperioden. Det er opp til kommunen å vurdera i kva for grad dette kan nyttast. Situasjonen med skrantesjuke og trøngen for ein monaleg reduksjon i hjortestamma, er argument for at det ikkje burde vera begrensning på flytting av fellingsløyve mellom åra i planperioden.

Rådmannen vurderer det difor til at alle fellingsløyva på hjort fritt kan flyttast mellom åra i planperioden. Når målet er betydeleg bestandsreduksjon vil det vera trøng for fleire fellingsløyve dei første åra og det kan vera fornuftig å nyitta ein større del av kvota tidleg. Alle hjortevalda i Årdal kommune er medlemmar i Årdal estandsplanområde, noko som er ei forutsetjing for å kunne flytta løyve mellom år. For jakta 2020 vil altså alle ubrukte fellingsløyve frå 2019 vera tilgjengelege i 2020. Dette utgjer 114 fellingsløyve. Valda kan også «låna» fellingsløyve frå 2021. Tal fellingsløyve vil då i alle fall ikkje vera ein flaskehals for å få ei høg felling hausten 2020. Frå kommunen sin side er det også fritt fram å flytta fellingsløyve mellom valda. Internt i bestandsplanområdet er det likevel reglar som beskriver mellom kva vald det er høve til å flytta fellingsløyve.

Rådyr:

I 2019 vart det for fyrste gong opna for rådyrjakt i kommunen. Det vart gjeve 13 fellingsløyve, og det vart felt totalt 6 dyr; 2 kalvar og 4 bukkar.

Konklusjon:

Rådmannen tilrar at Årdal kommune nyttar § 7 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* og avvik minstearealet for tildeling av fellingsløyve i kommunen i henhold til vedteke bestandplan.

Rådmannen tilrar at det ikkje er nokon begrensning på tal fellingsløyve som kan flyttast mellom åra i planperioden, jamfør § 16 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*.

Rådmannen tilrar at det vert tildelt følgjande fellingsløyve i Årdal kommune (sjå vedlegg for spesifikasjonar):

- Hjort: 268 fellingsløyve i 2020, totalt 804 fellingsløyve i planperioden 2019-2021
- Elg: 14 fellingsløyve i 2020
- Rådyr: 13 fellingsløyve i 2020